

## Etter slaget.

Ja, no er vel striden omkring lærartilsetjinga i Finsnes stilna. Eg hadde nokre faa ord og segja; men eg vilde venta til «storslaget» var over.

Vi som er kjent i Finsnes, skyna godt at det vilde verta litt «liv i leiren» naar «byen med omegn» skulde skifta lærar. Og det var slett ikkje so underleg. Men eg hadde verkeleg so store tankar om alle interesserte i denne saka, at det maatte greida aa laga røra baade stor og god nok om «nautrale» fekk vera i fred. —

Daa eg var i Finsnes siste sumar, var det fleire som fortalde meg at dei hadde høyrd eg skulde søkja, og nokre hadde høyrd at eg hadde søkt lærarposen Finsnes—Finfjord. Men eg trudde daa at dette var berre slikt som det vart drøsa om i skulekrinsen der. No høyrer eg at ryktet er naadd fram til skulekrinsen min her i Sørreisa. Det er folk her og som har høyrd at eg har søkt Finsnes—Finfjord. Etter at søknadstida for nemde skulepost var uttgaatt, var det so spreid ut eit rykte om at eg hadde tenkt aa søkja; men skulestyreformannen i Lenvik skulde ha «aatvara» meg. Men disse ryktene er berre lygn og opspinn, og «diktarane» har denne gong vore svært uheldige med val av samne. Sanninga er: Aldri har eg tenk aa søkja skulepost i Finsnes og aldri har eg gjort det. Eg skynar ikkje kvifor eg det skulde gjera? Dette er andre gongen det er lærarpost fal i Finsnes sidan eg kom til Nord-Noreg. Men eg har ikkje søkt nokon av postane. Eg var tilstades paa kringsmøtet daa lærarinna som no er vart innstilt, men eg maa faa lov aa segja at om eg nokon gong skulde ha tenkt aa søkja lærarpost i Finsnes, saa maatte eg daa verta «kurert».

Dei som finn meining i at ein lærar som er fast tilsett ved dei tri øvste klassane i 6-deilt skule, skulde snikja etter aa faa skuleposten Finsnes—Finfjord, dei maa nok overvurdera sistnemte plassar. — Ein lærar som har arbeidd i 8 aar paa ein stad, er trass i alt so pass roffest at han kastar seg ikkje kritikklaut i armane paa nye vanskar. Finsnes—Finfjord er ikkje for alle, i allfall ikkje for meg eit slikt eldorado. At det i Finsnes finst hyggjelege, gjestmilde folk som eg stødt kjenner meg velkoma til og som alltid gjer meg glad naar eg møter dei, det er ikkje nok til at eg har hug til aa søkja meg dit. Læraren faar ikkje berre med dei aa gjera. Og slike folk finst heldigvis paa dei fleste plassar, om ein ikkje finn dei hangande paa kvar buska. At skulestyreformannen i Lenvik skulde ha «aatvara» meg o.s.b mot aa søkja Finsnes-Finfjord, er ei utruleg meiningslaus lygn. Eg trur eg vaagar segja forfattaren av den lygn har vel store tankar om skulestyreformannen i Lenvik. Skal tru kven som rimelegvis maa ha det mest objektive syn paa Finsnes av skulestyreformannen og underskrivne? Det vilde heller ikkje vera noko aa skryte av om han «aatvara» lærarar mot aa søkje post i hans eigen skulekrins. «Det er daarlig fugl som skjemmer sitt eige reir». Og dersom nokon der borte skulde ha hug til aa øva seg i «aatvaring», so vil eg daa tru dei maa finna «objekt» nærmare til. Eg har heldigvis ikkje enno fare so vill at mine eigne skulestyreformenn eller andre autoriteter har funne det turvande aa «aatvara» meg, og daa vil eg vona uvedkommande ikkje tykkjer det trengst. Eg gjer heller ikkje krav paa aa vera noko flogvit om eg vaagar segja at eg skyna daa so inderleg godt at eg ikkje høyrde til rette «rasen» for aa faa post i Finsnes. Hadde eg det gjort, so hadde eg vel kjent meg meir i pakt med staden i det heile.

Eg vil og nytta dette høvet til aa segja at eg aldri har ynskt nokon av lærarane i Finsnes vekk fraa postane sine for at eg skulde faa plass der. Det har svive rykter om det og. Men skulde eg med det same faa lov aa nemna kva eg i denne samanheng ynskjer Finsnes skulekrins, so maa det bli dette: Gjev det maatte sanna seg at Finsnes skulekrins endeleg ein gong fekk ein lærar som var so heldig at han aatte alle dei givnader og all den livsrøynsla som krevst, gjev han maatte eige evna til alltid sjølv aa ta den rette tonen, og maatte det lukkast for han aa faa dei mange ulike tonane i krinsen til aa klinga saman i rein samsong. Greier han det, so vil visseleg ein ny soldag renna over «Midt-fylkets eldorado».

Sørreisa i decbr. 29.

Joh. Sættem Seljestad.